

Eksamen

13.11.2019

BUA2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Programområde for barne- og ungdomsarbeiderfag / Programområde for barne- og ungdomsarbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTELEIING FOR SVARET</p> <p>– Når du løyser oppgåva, må du beskrive og grunngi vala du gjer.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysingar på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte
Andre opplysningar	NB! Du skal svare på alle oppgåvene.

Eksamensoppgåve

I dette oppgåvesvaret skal du **velje** om du jobbar med barn i barnehage, på skole og SFO eller på ungdomsklubb.

Som barne- og ungdomsarbeidar i barnehage, på skole og SFO eller på ungdomsklubb skal du kunne legge til rette for, motivere for og delta i aktivitetar for barn og unge som kan fremje god fysisk og psykisk helse.

Oppgåve 1

Beskriv samanhengen mellom fysisk og psykisk helse, og gjer greie for korleis du kan hjelpe barn og unge som ikkje har god fysisk og psykisk helse. Ta utgangspunkt i arbeidet du gjer med den aldersgruppa du har valt. Bruk gjerne eksempel som handlar om fysisk aktivitet og kosthald.

Som barne- og ungdomsarbeidar skal du vite kva omsorg og omsorgssvikt er. Du skal kunne gjere greie for ansvar og tenesteveg når eit barn eller ein ungdom er utsett for omsorgssvikt.

Oppgåve 2

Beskriv kva omsorg er. Drøft/forklar korleis du kan bidra til å gi god omsorg for barn og unge i den aldersgruppa du vel. Vis til relevant teori.

Oppgåve 3

Eitt av barna / éin av ungdommane du jobbar med, fortel deg om eit urovekkande forhold som kan tyde på at han eller ho er utsett for omsorgssvikt. Beskriv ei slik hending, og gjer greie for kva du vil gjere med saka. Grunngi synspunkta dine teoretisk.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN</p> <p>- Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne valgene du gjør.</p> <p>- Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsninger på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysninger	NB! Du skal svare på alle oppgavene.

Eksamensoppgave

I denne besvarelsen skal du **velge** om du jobber med barn i barnehage, på skole og SFO eller på ungdomsklubb.

Som barne- og ungdomsarbeider i barnehage, på skole og SFO eller på ungdomsklubb skal du kunne legge til rette for, motivere for å delta i aktiviteter for barn og unge som kan fremme god fysisk og psykisk helse.

Oppgave 1

Beskriv sammenhengen mellom fysisk og psykisk helse, og gjør rede for hvordan du kan hjelpe barn og unge som ikke har god fysisk og psykisk helse. Ta utgangspunkt i arbeidet du gjør med den aldersgruppen du har valgt. Bruk gjerne eksempler knyttet til fysisk aktivitet og kosthold.

Som barne- og ungdomsarbeider skal du vite hva omsorg og omsorgssvikt er. Du skal kunne gjøre rede for ansvar og tjenestevei når et barn / en ungdom er utsatt for omsorgssvikt.

Oppgave 2

Beskriv hva omsorg er. Drøft/forklar hvordan du kan bidra til å gi god omsorg for barn og unge i den aldersgruppen du velger. Vis til relevant teori.

Oppgave 3

Ett av barna / én av ungdommene du jobber med, forteller deg om et bekymringsfullt forhold som kan tyde på at han/hun er utsatt for omsorgssvikt. Beskriv en slik hendelse, og gjør rede for hva du vil gjøre med saken. Begrunn synspunktene dine teoretisk.



www.vigoiks.no/eksamen